

Anders Gjelsvik,
Flatåstoppen 54,
7079 Flatåsen
telefon 72581092 (privat) 73597164 (arbeid)

7. mars 2010

Kjære Eidaruss 1965!

45-ÅRS JUBILEUM / KLASSEMØTE PÅ NORDFJORDEID 18.-20. JUNI 2010

Vi viser til tidlegare e-postutveksling/brev før jul om nytt jubileum. Vi har no lagt nærmere planar, og har gleda av å invitere til nytt jubileum på Nordfjordeid og vonar at så mange som råd er blir med.

Vi har sett ein **påmeldingsfrist til 26. mars**; meir om det nedanfor.

Samkoma 18.-20. juni

Vi vil foreslå å følgje oppskrifta frå tidlegare møte (sjå òg det vedlagde utkastet til program:

1. Frammøte ettermiddagen/ kvelden 18. juni med sosialt samvær, og fellesmiddag på Nordfjord Hotell for dei som ønskjer det.
2. Laurdag 19. juni har vi planlagt ein busstur langs den såkalla «Panoramavegen» langs nordsida av indre delen av Nordfjorden. Vi kører til Lote og vidare til Hennebygda, Randabygda/Hopland, Fjelli og Blakset. Dette er ei strekning med sær fin utsikt, der det er vanleg å ta med turistar. Vi held fram til Grodås i Hornindal, med omvising på Anders Svor-museet og lunsj på Raftevolds hotel, deretter retur til Eid.
3. Festmiddag på Nordfjord Hotell om kvelden.
4. Etter frukost den 20. vert det avreise kvar til sitt.

Etter kvart kan det innimellom dei faste postane bli lagt inn mindre programbitar. Her vil vi lite på framlegg frå dykk.

Litt praktiske detaljar: Dersom det ikkje passar å kome fredag, er ein velkommen til å vere med laurdagen. Som nemnt i e-post 18. november 2009 frå Erling Berge, er det også plass til å ta med ektefelle/sambuar for den det høver for. For middag og busstur melder ein seg på til oss etter skjemaet som ligg ved her; dei som vil bu på Nordfjord hotell må i tillegg tinge rom direkte dit.

Nordfjord hotell: Dei som vil bu på Nordfjord hotell må **tinge rom** direkte til hotellet. Det er reservert rom for oss, så gje opp at det gjeld Eidarussen 1965 ved Anders Gjelsvik. Pris er kr 950 pr natt for enkeltrom og kr 1500 pr natt for dobbelrom, frukost medrekna. Telefon til hotellet er 57 86 33 33. E-post er booking@nordfjord-hotell.no. Alle utgifter på hotellet bortsett frå festmiddagen vert betalte av kvar enkelt til hotellet. Fristen for tinging er sett til

26. mars. Eventuelle avbestillingar etterpå må hotellet ha snarast mogeleg og seinast 4. juni (unntak for sjukdom).

Meir om hotellet finn ein på www.nordfjord-hotell.no.

Bussturen, festmiddagen mm: Her melder ein seg på etter det vedlagde skjemaet. Frist **26. mars.** Bussturen vert avlyst dersom det vert mindre enn 20 påmelde. For festmiddagen og bussturen vil det vere innbetaling til bank føreåt. Informasjon om dette vil bli send ut så snart det er klårt kor mange som blir med på bussturen, med betalingsfrist ca 19. april. Festmiddagen vil koste om lag 350 kroner (utanom drikke). Bussturen, medrekna lunsj og omvising, vil kome på rundt 400 kroner, litt avhengig av deltakartalet.

Spørsmål, meir informasjon: Lurer du på noko, så kontakt ein eller fleire av oss: Liv, telefon privat 73 91 15 18. e-post liv.kjorsvik@trondheim.kommune.no; Erling, telefon 906 53 509, e-post erling.berge@svt.ntnu.no; Anders, telefon 72 58 10 92, 73 59 71 64 eller 917 01 896, e-post anders.gjelsvik@c2i.net. Informasjon om Panoramavegen kan ein finne på <http://www.nordfjord.no/index.php?sid=3&eid=217&spid=268&f=08050120&id=3524>

Med det ønskjer vi alle velkomne.

Liv Taftø Kjørsvik
Anders Gjelsvik
Erling Berge

Vedlegg påmeldingskjema

Svaradresse:

Brev: Anders Gjelsvik, Flatåstoppen 54, 7079 Flatåsen

E-post: Anders.Gjelsvik@sintef.no

eller Erling.Berge@svt.ntnu.no

Brev og skjema kan også lastast ned fra web adressa

<http://www.sv.ntnu.no/iss/Erling.Berge/ikkjearb.html>

